

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 21.01.2015  
**SAKSHANDSAMAR:** **Torunn Nilsen**  
**SAKA GJELD:** **Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 7. januar 2015**

**ARKIVSAK:** 2015/1290/  
**STYRESAK:** **008/15**

**STYREMØTE:** **04.02. 2015**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek protokollen frå føretaksmøtet 7. januar 2015 til etterretning.

## Oppsummering

Tysdag 7. januar 2015 presenterte helse- og omsorgsminister Bent Høie sine styringsbodskap, politiske mål og forventningar til helseregionane. Styringskrav og forventningar blei presentert i føretaksmøte, oppdragsdokument og Statsråden sin «sjukehustale».

Tysdag 7. januar kl. 13.00, blei det halde føretaksmøte i dei regionale helseføretaka i Plenumssalen R4, Møllergata 17, Oslo.

Helse Vest har ikkje motteke signert protokoll frå møtet 7. januar kl. 13.00, men vel likevel å legge fram usignert versjon for styret. Signert versjon vil bli sendt ut til styret så snart den ligg føre.

## Fakta

I føretaksmøtet formidlar eigar styringsbodskapen for 2015 og presenterer dei styringskrav som gjeld for inneverande år.

## Kommentarar

I møte 7. januar kl. 13.00, blei følgjande saker behandla:

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Krav og rammer for 2015
- Sak 4 Endringar i vedtektene

Krav og rammer for 2015 vil bli vidareformidla til helseføretaka i styringsdokumenta for 2015 som vil bli lagt fram for styret i mars. På enkelte punkt er det stilt korte fristar for tilbakemelding til departementet. Det vil i styremøtet blir gitt ein orientering med omsyn til korleis det blir arbeidd med desse oppgåvene og korleis helseføretaka blir involvert.

Den endringa som er gjort i vedtektene til Helse Vest RHF vil bli følgd opp med eit forslag til vedtektsendring i helseføretaka sine vedtekter. Dette blir fremma i eiga sak til styre i mars.

Vedlegg:

1. Protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF 7. januar 2015
2. Vedtekter for Helse Vest RHF
3. Rapporteringsvedlegg til protokoll 2015